

PRESSEMELDING
21. januar 2010

Hungnes blir kunstnerisk leder i Peer Gynt

Svein Sturla Hungnes er tilsett som kunstnerisk leder i Peer Gynt as og får det overordna ansvaret for all kunstnerisk aktivitet i selskapet. – Svein Sturla Hungnes skal vidareutvikle våre satsingar både nasjonalt og internasjonalt, seier administrerende direktør Eli Blakstad i Peer Gynt as.

Kunst- og kulturprodusenten Peer Gynt as leverar kunstneriske produksjonar inspirert av tema frå dramaet Peer Gynt - og med naturen som ramme og medspelar.

Svein Sturla Hungnes kjenner naturen som produksjonsarena, og med Peer Gynt teateret på Gålå har han tatt naturen sin eigen regi inn i scenekunsten. Naturelementet blir også viktig framover.

- Peer Gynt er verdas rikaste stykke og dramaet har ei naturleg kopling til Gudbrandsdalen. Dette er ei stor ære for meg og eg gler meg til å reindyrke naturelementet i selskapet si vidare satsing, seier Hungnes.

Peer Gynt på Gålå er ei av Noregs mest ettertrakta teaterframsyningar og Svein Sturla Hungnes har ein stor del av æra for suksessen, som regissør i 20 år.

- Hungnes er ein dyktig og erfaren regissør og teatersjef, ein kompetanse som vil sikre vår Peer Gynt satsing både tyngde og profesjonalitet. Dessutan kjenner han lokalmiljøet godt og han veit at det er viktig å ta vare på det lokale engasjementet, seier Eli Blakstad.

Svein Sturla Hungnes starta som kunstnerisk leder 1. januar 2010. I tillegg til den nye lederrolla skal han og fortsette som regissør for Peer Gynt ved Gålåvatnet.

For nærare informasjon:

Eli Blakstad – Adm. dir. i Peer Gynt as - Mob: + 47 952 41 362 - eli@peergynt.no
Svein Sturla Hungnes – Mob: + 47 930 84 182

Peer Gynt as

Kunst- og kulturprodusenten Peer Gynt as er ein nasjonal kulturinstitusjon som leverar kunstneriske produksjonar, akademi og event med høg kvalitet, inspirert av tema frå dramaet Peer Gynt - og med naturen som ramme og medspelar. Peer Gynt as er mellom anna arrangør av det årlege Peer Gynt-stemnet, ein kulturfestival med knutepunktstatus. Peer Gynt-stemnet er eit møte mellom Ibsens Peer og den lokale Per frå Gudbrandsdalen. Møter mellom det kjente og det ukjente, det lokale og det internasjonale, og mellom det tradisjonelle og det nyskapande. I stemnet inngår mellom anna teaterforestillinga Peer Gynt ved Gålåvatnet, danseforestillinga TidarÅ med FRIKAR og den klassiske Høgfjellskonserten Ved Rondane.

Svein Sturla Hungnes

Hungnes er skodespelarutdanna ved Statens Teaterhøgskole, og har spela betydelege roller i teater, film og TV. Tidlegare kunstnerisk rådgjivar og fast instruktør ved Nationaltheatret og konstituert teatersjef ved Riksteatret. Teatersjef ved Oslo Nye Teater 2002-2009. Hungnes har regissert Peer Gynt ved Gålåvatnet sidan 1989, og spela og hovudrolla i fleire år.